

Tel krabbear med årringar

Det er viktig for forskarane å vite kor mange krabbar det er i havet. Dei leitar derfor etter årringar hos krabben.

TEKST: TRINE-LISE GJESDAL

Vil du vite alderen på eit tre, tel du årringar i treet. For kvart år som går, blir det danna éin lys og éin mørk ring i stammen. Dette blir kalla årringar. Tel du dei mørke ringane, finn du ut kor gammalt treet er. Har treet tre mørke ringar, er det tre år gammalt. På nesten same måten har forskarar funne ut at dei kan rekne ut alderen på fisk ved å studere øyresteinen – som er sjøve balanseorganet – i fisken. For kvart år som går, dannar det seg ein årring på øyresteinen.

No leitar forskarane etter årringar hos krabben. Men dette er litt meir komplisert. Krabbane skiftar jo ut dei harde kroppsdelane sine i samband med skalskifte. Så kva er det igjen å telje då?

Magesekk og auge

Det finst likevel noko som ikkje blir skifta ut, og som minner om årringar i delar av krabben. I magesekken og i auga har ein funne eit mønster som kan samanliknast med årringar. Forskar Jan H. Sundet ved Havforskningsinstituttet fortel at dei no studerer krabbar ved ein forskingsstasjon i Tromsø. Her blir dyra fôra med eit

slags kjemisk stoff som gjer at forskarane kan studere årringane i magesekken og i auga til krabbane. Men det er enno for tidleg å seie noko om kor mange årringar som blir danna hos ein krabbe i løpet av eitt år.

Alderen fortel

Forskaren håpar dei finn det ut snart, for det er viktig å vite alderen på både fisk og krabbar. Alderen fortel oss når dei blir kjønnsmodne, kor mange gonger dei gyter, og kor lenge dei lever. Dette er viktig informasjon fordi vi då kan finne ut, sånn cirka, kor mykje fisk – eller krabbar – det er i havet til kvar tid, slik at vi ikkje tømmer havet for enkelte artar.





Oppgaver til leseteksten – «Tel krabbear med årringar»

Teller krabbear med årringer

Det er viktig for forskerne å vite hvor mange krabber det er i havet. De leter derfor etter årringer hos krabben.

TEKST: TRINE-LISE GJESDAL

Vil du vite alderen på et tre, teller du årringer i treet. For hvert år som går, dannes det én lys og én mørk ring i stammen. Dette kalles årringer. Teller du de mørke ringene, finner du ut hvor gammelt treet er. Har treet tre mørke ringe, er det tre år gammelt. På nesten samme måte har forskere funnet ut at de kan beregne alderen på fisk ved å studere øresteinen – som er selve balanseorganet – i fisken. For hvert år som går, danner det seg en ny årring på øresteinen.

Nå leter forskerne etter årringer hos krabben. Men dette er litt mer komplisert. Krabbene skifter jo ut de harde kroppsdelen sine under skallskifte. Så hva er det igjen å telle da?

Magesekk og øyne

Det finnes likevel noe som ikke skiftes ut, og som minner om årringer i deler av krabben. I magesekken og i øynene har man funnet et mønster som kan sammenliknes med årringer. Forsker Jan H. Sundet ved Havforskningsinstituttet forteller at de nå studerer krabber ved en forskningsstasjon i Tromsø. Her blir dyrene føret med

Alderen forteller

Forskeren håper de finner det ut snart, for det er viktig å vite alderen på både fisk og krabber. Alderen forteller oss når de blir kjønnsmodne, hvor mange ganger de gyter, og hvor lenge de lever. Dette er viktig informasjon fordi vi da kan finne ut, sånn cirka, hvor mye fisk – eller krabber – det er i havet til enhver tid, slik at vi ikke tommer havet for enkelte arter.



FOTO: PICTUREPOINT/NO




1. Kva handla teksten du har lese om?
2. Kvifor vil forskarane finne ut kor gamle krabber er?
3. Kvifor trur du krabber må skifte skalet sitt?
4. Det finst også andre artar som har årringar. Kva artar er det?
5. Viss eit tre har 15 mørke årringar, kor gammalt er treet då?
6. Viss du var eit tre, kor mange årringar ville du hatt då?




Gjereoppgåver

- 1) Finn vedkubbar i ulike størrelsar. Tel årringar og sjå kor gammalt treet var før det vart hogd ned.
- 2) Les denne artikkelen om korleis vi kan finne ut alderen på fisk.



Les artikkelen her

- Få tak i ein fisk.
- Skjær ut øyresteinen.
- Tel kor gammal fisken var.



- 3) Krabben skiftar skal. Dette kallar vi eit hamskifte. Det finst fleire dyr som skiftar ham i løpet av livet sitt. Les og utforsk kva slags dyr og insekt som skiftar ham. Kanskje de kan finne slike hamar frå eit skalskifte på tur?

